



SANDE KOMMUNE
6084 Larsnes
Tlf. 70 02 67 00 Fax 70 02 67 01
sande.kommune@sande-mr.kommune.no
www.sande-mr.kommune.no

SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar: Rasmus Johan Ekroll Arkivsaknr: 2015/405-3852/2017
Arkiv: L12

Utvaksaknr	Utval	Møtedato
68/17	Formannskapet	22.08.2017
44/17	Kommunestyret	19.09.2017

Saka gjeld: **REGULERINGSPLAN GJERDE,GJERDSVIKA**

Tilråding:

I medhald av § 12-12 i Plan og bygningslova stadfestar Sande kommunestyre den framlagde reguleringsplanen for Bustadfelt Gjerde M=1:1000 dat.21.9.2016 m/føresegner.

Handsaming i Formannskapet :

Samr. som tilrådinga.

TILRÅDING:

I medhald av § 12-12 i Plan og bygningslova stadfestar Sande kommunestyre den framlagde reguleringsplanen for Bustadfelt Gjerde M=1:1000 dat.21.9.2016 m/føresegner.

Handsaming i Kommunestyret :

Samr. som tilrådinga.

VEDTAK:

I medhald av § 12-12 i Plan og bygningslova stadfestar Sande kommunestyre den framlagde reguleringsplanen for Bustadfelt Gjerde M=1:1000 dat.21.9.2016 m/føresegner.

Rett utskrift

SANDE SERVICEKONTOR, 6084 Larsnes, 25. september 2017

Tove Cathrine Kvamme

Tove Cathrine Kvamme

Konsulent

Særutskrift: Teknisk sektor
Grunneigarane

Vedlegg:

1. Reguleringsplan Gjerde M=1:1000 dat.21.9.2016 m/føresegner
2. Planomtale frå AG Plan og Arkitektur AS dat.23.9.2016
3. F-sak 104/16 med godkjenning av planframlegg
4. Kopi av brev til grunneigarar og høyringsinstansar
5. Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal dat.4.1.2017
6. Uttale frå Statens Vegvesen dat.30.11.2016
7. Uttale frå Møre og Romsdal Fylkeskommune dat.2.1.2017

Saksopplysningar:

I samsvar med gjeldande Kommuneplan er det utarbeidd framlegg til reguleringsplan for bustadfelt Gjerde i Gjerdsvika.

Planframlegget er utarbeidd av AG Plan og Arkitektur AS og vert fremja som detaljreguleringsplan i samsvar med Pbl.§ 12-3.

Ved utarbeiding av planen har det vore fleire møte med teknisk sektor for utforming av bustadfelt og ledningsnett.

Planarbeidet vart oppstarta med møte med kommunen 25.11.2015 og kunngjering av planoppstart i Vestlandsnytt 11.12.2015. Det vart vidare halde orienteringsmøte med særskilte grupper den 20.4.2016. Nærare detaljar vert utarbeiding av reguleringsplanen med innspel og planprosess går fram av planomtalen frå AG Plan og Arkitektur dat.23.9.2016.

Planområdet har eit areal på 29,7 da og ligg vest for eksisterande bustadfelt Gjerde/Rise. Bustadfeltet har vegtilkomst frå Sædalsvegen og har tomter for frittliggande småhus og for konsentrerte bustader. Medrekna 3 eksisterande bustadhus innanfor planområdet gir det nye bustadfeltet høve til oppføring av 23 bu-einingar. Det er i tillegg vist leikeplassar, grøntstruktur langs eksisterande elv gjennom området og gangveg austover til eksisterande bustadfelt.

Planframlegget har vore utlagt til offentlege ettersyn i tidsromet 25.11.2016 6.1.2017 og har vore sendt til berørte lokale og eksterne instansar og til grunneigarar til uttale.

Berre 3 offentlege instansar har gitt uttale til planframlegget. Statens Vegvesen har ikkje merknader. Møre og Romsdal Fylkeskommune har krav om arkeologisk registrering. Fylkesmannen har i sin uttale ei oppmoding om at leikeplassane vert opparbeidde før første bustad vert teken i bruk og at g/s-vegar vert ferdigstilt tidlegare enn det som går fram av reguleringsføresegnene § 13 Rekkfølgekrav.

Ein har ikkje motteke merknader frå private grunneigarar innanfor planområdet.

Arkeologisk registrering er utført. Det er ikkje påvist funn av automatisk freda kulturminner.

Vurdering og konklusjon:

Ved teknisk sektor rår ein til at den framlagde reguleringsplanen for bustadfelt Gjerde vert stadfesta slik det går fram av framlegg til vedtak.

Larsnes, 31.07.2017

Oddbjørn Indregård
Konst.rådmann

Kjell Martin Vikene
teknisk sjef

